



MOWI ASA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Anleggsarbeid i sjø, løyve etter forureiningslova -utviding av næringsareal Rundereimstranda i Stad kommune for Mowi ASA

Statsforvaltaren gir Mowi ASA løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø. Føremålet med tiltaket er å utvide landarealet til Mowi's anlegg på Rundereimstranda, gnr/bnr 271/16 i Stad kommune.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad datert 11. november 2025 og endringssøknad datert 12. mai 2026 frå OSE AS på vegne av Mowi ASA. Vi viser også til andre opplysningar som kom fram under handsaming av søknaden, herunder Stad kommune sitt vedtak om endra reguleringsplan datert 11. mai 2026

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til anleggsarbeider i sjø ved eigedom 271/16 i Stad kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 5, 94 600 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.



Om tiltaket

Mowi AS søkte 11. november 2025 om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø for å utvide næringsområdet Rundereimstranda¹ i Stad kommune. Formålet med utvidinga er å

- kunne køyre pilotprosjekt for å samle opp slam frå eksisterande sjømerdar mellom anna i Barmsundet
- drifte nye lukka merder i sjø

Den fyrste søknaden omfatta utfylling av om lag 2 600 m³ egna massar over eit areal på ca. 500 m².

I oppdatert søknad av 12. mai 2026 er tiltaket endra og utvida. Under detaljprosjekteringa vart det avdekka at sjøbotnen er djupare enn det sjøkarta tidlegare har vist. For å oppnå det naudsynte landarealet må fyllingsfoten difor strekkje seg inntil 8,5 meter lenger ut i sjøen enn fyrst planlagt.

Dei omsøkte endringane i 2026 omfattar i hovudsak:

- Auka fyllingsvolum: Samla sjøfylling for både veg og næringsareal er auka frå 2 600 m³ til om lag 14 600 m³.
- Mudring: Det er no lagt inn behov for mudring av om lag 2 000 m³ med blaute og ueigna massar før sjølve utfyllinga kan starte.

Sjøbotnen i tiltaksområdet er undersøkt for miljøgifter², og sedimenta er vurdert som tilnærma reine. Utfyllinga skal skje frå land ved tipping og utlegging av reine massar. Metode for mudring vil entreprenør velje (suge eller grabb).


Ose AS har i søknadsdokumenta beskrive arbeida, gjort ei risikovurdering av anleggsarbeid og føreslått avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining. Desse er :

- Bruk av siltgardin for å hindre spreining av finstoff.
- Sprenging i sjø skal ikkje skje i tidsperioden april - juni.
- Bruk av elektriske tennarar, for å hindre plast i fyllinga/spreining til sjø.
- Tildekking av forureining før sjølve utfyllingsarbeidet skjer, for å hindre spreining av forureining.
- Mudringsmassane skal leverast til godkjend avfallsmottak ihht. Forureiningsgrad.

Anleggsarbeida i sjø har ei estimert varighet på cirka 5 månader.

¹ Detaljplan MOWI Rundereimstranda. PlanID 4649-2024001 Ikrafttredelsesdato 7. mai 2025

² Innhold av miljøgifter i sedimentprøver Rundereim. Åkerblå13. august 2024



Figur 1 Situasjonsplan av utfyllinga øvst – snitt/profil nedst

Høyring

Søknaden vert sendt på høyring til Stad kommune, Bergens Sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, og Sør-Norges Fiskarlag. Frist for å gje eventuelle merknadar var 12. desember 2025. Vi mottok tre uttalar

Bergens Sjøfartsmuseum (9. desember 2025)

Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde tiltaket, men gjer merksam på den generelle plikten etter kulturminnelova (Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne) om stans i arbeid og varsling til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Stad kommune (8. desember 2025)

Kommunen uttalar at tiltaket i det vesentlege er i samsvar med gjeldande reguleringsplan men at det må søkast om ein mindre endring av denne. Dei har ingen særskilte merknader til sjølve



utfyllinga, men presiserer at tiltaket også er søknadspliktig etter plan- og bygningslova og hamne- og farvasslova

Fiskeridirektoratet (1. desember 2025)

Direktoratet viser til at det er registrert eit lokalt gytefelt for kysttorsk om lag 1 700 meter frå tiltaksområdet. Dei vurderer at fiskeriinteresser og marine naturverdiar blir ivaretatt dersom det vert sett krav om avbøtande tiltak slik det er føreslått i søknaden. Fiskeridirektoratet føreset at søknaden ikkje omfattar undersjøisk sprengingsarbeid eller sprengingsarbeid i strandsona. Slike arbeid må ikkje utførast innanfor gytetida januar-april.

Rettsleg grunngjeving for løyve

Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11.

Arbeid i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Utfylling og mudring som bidreg til å spreie finstoff som kan påverke fiskeinteresser eller bidra til plastforureining, er ikkje vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Statsforvaltaren finn at utfyllingane i dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11, med vilkår for utføring etter § 16.

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 "Handtering av sediment" i vår vurdering av saka.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningsloverket dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova (pbl). Stad kommune har i vedtak 11. mai 2026 godkjend ei mindre endring av reguleringsplanen frå 7. mai 2025. Denne endringa fangar opp utvidinga av sjøfyllinga. Vi legg til grunn at arealbruken som anleggsarbeida skal endre er i samsvar med endelege planar og at løyve etter forureiningslova kan vedtas.

Utbyggjar må på normal måte innhente byggjeløyve (rammeløyve mm) etter pbl.



Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løye etter forureiningsforskrifta.

Vi vurderer at endringa i omfang av anleggsarbeida ikkje krev ny høyring av søknaden. Fiskeridirektorat har uttalt seg til reguleringsendringa/plansaka (23. april 2026) og opprettheld sine tidlegare uttaler.

Statsforvalteren skal varslast skriftleg seinast ei veke før anleggsarbeidet startar. Etter at prosjektet er ferdigstilt, skal det innan tre månader sende oss ein sluttrapport (vilkår 1.2 og 6.2).

Statsforvaltaren vurderer at risikoen for forureining og negative miljøverknader frå anleggsarbeidet vert redusert til eit akseptabelt nivå gjennom dei avbøtande tiltaka i søknadene av 11. november 2025 og endringsøknad 12. mai 2026 og vilkåra i dette løyvet. Vilrå byggjer i hovudsak på tiltakshavar sitt eige framlegg, men inneheld og nokre tilleggskrav.

Grunngjeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø og mudring av lausmassar kan medføre spreining av partiklar som kan ha negative effektar på marine naturverdiar. Det kan blakke vatnet og slamme ned omkringliggande sjøareal. Partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr, og marint naturmiljø..

Sjøbotn som det skal fyllast over og som skal mudrast pga fyllinga si stabilitet er undersøkt og inneheld svært lite finstoff, sitat Åkerblom rapporten. " Analysene av sedimentet viser at det er 71,8% sand og grus og mindre enn 1% leire. Andelen TOC er meget lav 0,51 %". Dette reduserer risiko for spreining av finstoff

1,7 km syd for anleggsområdet er det registrert som eit lokalt viktig gytefelt³ for torsk. Rundereimstranda og det meste av kyststripa rundt Vågsøy- Stadlandet (eit areal på 69 km²) er registrert med potensiale for "tareskog med stor tare". Lokal undersøking viser førekomst av sukkertare nær utfyllingsområdet og førekomst av skjelsand lengre ut.

Vi set i utgangspunktet vilkår om bruk av siltgardin rundt utfyllingsarbeida og rundt mudringsarbeida dersom desse vært utført frå land. Sjølv om Barmsundet er værutsett, så er fyllingsdjupa maks ca. 10 meter noko som tilseier at ei siltgardin moglegvis kan nyttast. Dersom mudring skal utførast frå lekter vil ikkje ei siltgardin fungere, og unntek bruk av gardin ved mudring frå skip/lekter.

Dersom værtilhøve likevel er slik at siltgardin ikkje kan nyttast, kan ein basere overvaking av spreining av finstoff basert på on-line overvaking av turbiditet. Turbiditetsmålarar kan plasserast maks 100 meter sør for anleggsstaden (mot gytefeltet) og skal ha alarmgrense på 15 FNU. Arbeidet skal stansast dersom turbiditeten overskrid grensa.

Det skal ikkje utførast undervasssprengning i følgje søknad. Men i fall ein treff på fast fjell som må sprengjast bort tek vi med vilkår basert på Fiskeridirektoratets uttale om forbod mot slik sprengning i gyteperioden 1. januar til 30. april.

³ Nordpollen-Flistrapollen – Bmverdi C - Noe egg (1), lite tilbakeholdelse av egg (1) – gytefeltverdi 2



Metode for mudring og avvatning av muddermasser skal sendast Statsforvaltar når entreprenør og metode er klar. Muddermasser må takast prøve av og handterast etter innhald av evt. forureiningar. Reina massar kan nyttast fritt i prosjektet.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipienten vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi legg også vekt på at denne utbygginga har som mål å redusere forureining frå Mowis oppdrettsanlegg i området ved å samle opp slam og drifte lukka anlegg i sjø. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Endring og omgjerung

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.



Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunnitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Lars Martin Færseth
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:
Stad kommune
Fiskeridirektoratet
Bergens Sjøfartsmuseum



Anleggsarbeid i sjø, løyve etter forureiningslova -utviding av næringsareal Rundereimstranda i Stad kommune for Mowi ASA

Statsforvaltaren gjev Mowi ASA løyve med heimel i forureiningslova § 11. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 11. november 2025 og oppdatert søknad av 12. mai 2026 og andre opplysningar gitt i samband med behandling av søknaden.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventet oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

| | |
|---------------------|--------------------------------------|
| Bedrift | MOWI ASA |
| Postadresse | Postboks 4102 Sandviken, 5835 Bergen |
| Kommune og fylke | Stad, Vestland |
| Organisasjonsnummer | 964 118 191 |

Statsforvaltaren sine referansar

| | | |
|-------------|---------------|------------|
| Løyvenummer | Anleggsnummer | Saksnummer |
| 2026.0466.T | 4649.0120.01 | 2025/17808 |

| | | |
|---|-----------------|-------------------------------|
| Løyve gitt første gong: 26. mai 2026 | Endringsnummer: | Løyve sist endra: |
| Lars Martin Færseth seksjonsleiar | | Magne Nesse senioringeniør |

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Endringslogg

| Endringsnummer | Endringar av | Punkt | Beskriving |
|-----------------------|---------------------|--------------|-------------------|
| | | | |
| | | | |
| | | | |

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling av ca. 14 600 m³ massar og mudring av om lag 2 000 m³ ved gnr/bnr 271/16 i Stad kommune.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 11. november 2025 og oppdatert søknad av 12. mai 2026 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendast minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta . Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast på sfvlpost@statsforvaltaren.no.

4. Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreiding av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

4.2 Kontroll av utfyllingsmassar

Masser som skal nyttast til utfylling er planlagt henta frå eige tomt. Det skal nyttast mest mogeleg reine massar. Massane skal være egna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Statsforvaltaren skal haldast orientert om eventuelle nye leverandørar av utfyllingsmasser, der informasjon om massane vert sendt oss før utfylling skjer.

4.3 Tidsavgrensingar ved eventuell undervasssprenging

Av omsyn til gyteperioden for torsk kan evt. undervasssprengning ikkje utførast innafør tidsperioden 1. januar til 30. april.

4.5 Siltgardin/partikkelsperre

Det skal som hovudregel nyttast siltgardin utanfor der det skal fyllast ut og mudrast. Siltgardina skal dekke heile vatnsøyla og ha feste i botn. Krav om siltgardin gjeld ikkje dersom mudring skal utførast frå skip/lekter pga logistikk.

Det skal nyttast siltgardiner som er egna for tilhøva ved tiltaksområdet, sjå fagrapport¹ frå Statens vegvesen. Ved val av siltgardiner må straum- og vêrtilhøve, botn- og djupnetilhøva på staden leggjast til grunn for prosjektering av flytelegeme og vekt på lodd/botnfester.

Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardinene fungerer etter hensikta bl.a. vedlikehald av flyteelement slik at nødvendig fribord vert oppretthalde. Dersom siltgardinene ikkje lenger fungerer skal dei reparerast eller bli bytta ut.

¹ Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 - 2013

4.6 Turbiditetsmålingar – alternativ overvaking

Dersom værtilhøve likevel er slik at siltgardin ikkje kan nyttast, kan ein basere overvaking av spreieing av finstoff basert på on-line overvaking av turbiditet

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-94334. Partikkelkonsentrasjonen maks 100 meter sør for anleggsområdet skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 15 NTU/FNU i ein periode på meir enn 20 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal utfyllingsarbeidet stogge, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak.

Handtering av alarmer skal innarbeidast slik at alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen kjenner alarmgrensene og kva aksjoner som skal utførast ved overskriding, jf. vilkår 3.1 om internkontroll.

Dersom observasjonar og målingar viser at ein måler ikkje er plassert på eigna stad eller djupne, skal målarer flyttast.

4.7 Opptak og handtering av mudringsmassar

Opptak og handtering av mudringsmassar fram til stad for gjenbruk evt. avfallsmottak skal utførast med teknologi/utstyr som samla gjev låg miljøbelastning i form av spreieing av partiklar, til dømes grabbmudring.

Dersom analyser av muddermassane viser at konsentrasjonen av helse- og/eller miljøfarlege stoff ligg under normverdiane gitt i forureiningsforskrifta kapittel, vedlegg 1, så kan massane disponerast i tråd med Miljødirektoratets rettleiar² M-1243. Dersom innhaldet over normverdiane, skal massane leverast til lovleg avfallsanlegg.

Statsforvaltaren ber om at vi blir orientert om vald løysning for mudring og avvatning når entreprenør er valt.

4.8 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allereie etablert fleire stader i landet. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og forårsakar store problem for marine miljø og næringar. Arten veks blant anna på skrog, fortøyingar, bryggjer og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy.

Havnespy er påvist ved kaier i Haugesund, Askøy, Bergen og fleire stadar i Sogn (Florø, Måløy, Sløvåg). Arten blir spreidd via skipsfart, særleg i dei største hamnene som har besøk av utanlandske skip. Arten kan òg bli spreidd til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåsar og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsemdsplikta i medhald til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekkje utilsikta spreieing av framande organismar. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av

² Mellomlagring og sluttdisponering av jord- og steinmasser som ikke er forurenset. Miljødirektoratet M-1243/2018

marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir bekrefta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreining. Slike tiltak skal skje i samsvar med [retteleiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#).

Kontroll gjeld også til transporterte båtar og utstyr. Dersom havnespy blir oppdaga, skal Statsforvaltaren kontaktast og orienterast om kva tiltak som blir sett i verk for å overhalde aktsemdsplikta

5. Avfall

5.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Brukte partikkelsperrer skal leverast til lovleg mottak.

5.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

5.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark M-1085 | 2018 kan nyttast som ein rettleier.

6. Overvaking og kontroll og rapportering til Statsforvaltaren

6.1 Plan for overvaking og kontroll

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreining av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreining av partiklar og plast. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvaksingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard.

Den ferdige kontroll- og overvåkingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

6.2 Rapportering før oppstart

Metode for mudring (vilkår 4.7) og kontroll og overvåkingsplan (vilkår 6.1) skal sendast Statsforvalter når dei er ferdig utarbeidd (før oppstart).

6.3 Sluttrapport

Mowi ASA skal sende rapport til Statsforvaltaren innan 12 veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Omtale om korleis arbeidet er utført (metodar).
- Opplysningar om mengder masse som faktisk har blitt utfylt (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som ble satt i verk.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

7. Tilsyn

Mowi ASA plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.